

## **Innspel til kommuneplanen sin arealdel/arbeidet med kommunedelplan Knarvik-Alversund-Alverstraumen.**

Me ynskjer med dette å gje innspel til kommuneplanen sin arealdel for vårt gardsbruk gnr 186 bnr 2 ved Aase i Lindås.

Vi tenker kreativt om garden og har derfor mange idear om kva vi kan bruke garden til i framtida. Vi ønsker å lande nokon av prosjektene innen kort tid.

Først vil vi sei at det er eit veldig bra tiltak at vi skal få synleggjera våre planar for garden i arealplanen. Me har i mange år savna dette for vår framtidige gardsdrift og for å vite kva andre bønder/arealeigarar tenkjer for framtida.

Med kommunens og Tomtelagets store engasjement for å få areala på Aase inn under næring tidlegare og trusselen om Vegvesenets trassear for E39, er det bra at andre får sjå at vi faktisk har planar for våre eigne areal sjølve. Me driv garden fordi det er noko vi kan, samt at vi har trua på at landbruk blir viktigare og viktigare for Vestlandet og Norge i framtida. På vegen mot framtida ynskjer me å ta vare på og ikkje bygge ned landbruket. Ved å ivareta areala og drift på garden, og samtidig finne tilleggsnæringar som kan gje oss fleire arbeidsplassar. Jordvernet og dyrka mark er viktig for oss.

Me avslutta mjølkeproduksjonen for 10 år sidan. Vi ynskjer ikkje å satse på mjølk igjen i dag og ynsker derfor at bruket skal kunne gje oss andre bein å stå på framover, samtidig som landbruksdrifta vert oppretthalden. Dette meiner vi gjer garden vår spesiell for folk som besøker oss i andre anledningar.

Dei siste 20 åra har me arbeid mykje med nye næringar på garden. Derfor har me gjort mykje forarbeid deltatt på fleire utviklar kurs og har mange planar om kva garden sine ressursar og areal bør brukast til. Me ynskjer å markere på kartet kva Aasegarden vil være for oss og neste generasjon

### **Tradisjonell gardsdrift er i dag:**

- Produksjon av grovfor til hest, sau og storfe.
- Sauedrift, gammal norsk spel.
- Skogbruk med uttak av tømmer og ved.
- Sagbruk til eget bruk
- Vedlikehald og bygging av bygningar til nye næringar
- Jordforbetring og drenering, samt bygging av veg rundt eng. Blande hestemøkk og jord for jorforbetring.
- Uteige av beite til hest

### **Tilleggsnæringar idag og tidlegare:**

- Hestesenter, med utleie av stallplass, kurs, skule
- Hundeklubb med aktivitetar som agility, dressur, mønstring/utstilling, kurs, sauegjeting, søk
- Open gard med utstilling
- Besøksgard for barnehager i distriktet
- Salg av mat og drikke ved arrangementer.
- Hesteutstyrbutikk
- Utleie av bolig til arbeidende på garden og andre

- Mottak av jord og stein samt treflis
- Salg av grovfor og spon
- Utleige bolig, lager, areal

## Utviding av eksisterande næringar på garden

### Tradisjonell drift:

Vi auker kvart år grovforproduksjon ved grøfting og fornying av eng.

Sauehaldet vil vekse for å dekke bruken av beiteareala. Her vil også auke med hest på beite.

Vi har eit ynskje om å starte med storfe av lett rase for utegang. (Høylandsfe for kjøttproduksjon)

**Hestesenter:** Hestesenteret går litt opp og ned etter antall leigetakarar. Vi har i dag 9 avtaler om stallplass men har kapasitet til 21 hester.

Vårt formål var for 20 år sidan å samle hestesporten i Nordhordland. Dette var ein suksess de første 15 åra, til arbeidmarkedet i distriktet raste. Vi ser vekst igjen og ynskjer derfor å bygge ridehall, for å få på plass igjen rideskuledrift og større stevner om vinter og haust. Vi annser Aasegarden Hestesnter som godt lokalisert med gode heste og aktivitetsforhold. Vi har også hatt oppstalla travhester som går løp.

**Hundeaktiviteter:** Hundeaktiviteter og kurs skjer foreløpig gjennom Nordhordland Hundeklubb. Vi har sett ei jamn auke i antall hundeeigarar i Nordhordland og omegn, som gjer at kursa stort sett er fulle. Klubben er også aktiv i nasjonale stevner og arrangerer store stevner på Aase, fleire ganger i året. Der er fleire grupper som trener hund på Aase. Nokre bruker deler av beiteområde til trening av sporhund og søk. Det er også trening av hund for sauegjeting.

Våren 2018 etablerte vi kunstgras på hundetreningsbana. Dette har vore stor suksess og interesse for. Ved stevner er det et 50 talls bobiler og campingvogner på Aase og flerie treng overnatting. På grunn av dårleg vær og snø er vinterhalvåret vanskeleg for treningsforholda. I dag er det ingen som får bruke lokale idrettshaller til trening, stevner, kurs og utstilling med dyr på grunn av allergi. Derfor ynskjer me å sette opp ein hall for desse aktivitetane i vårt distrikt der vi kan arrangere aktiviter for hund og andre hall aktiviteter.

Utviding av gangveier og stier i terrenget.

## Nye aktivitetar på garden

Med dagens og den framtidige planlagde utbygginga i Knarvik og Alvermarka, vil Aase si beliggenheit være viktig som den grønne landbruk og fritids-lunga for framtida.

Me ynskjer derfor å kunne utvikle mange spredte nærings aktivitetar på Aase i tillegg til dei me allereie har. Ingen aktivitetar skal være konfliktskapande og alle aktivitetar og ressursar skal kunne utnyttast på tvers. Dvs, hest skal kunne brukast for dei som er på teambuilding, rehabilitering, turopplevelser, overnatting/camping, tretopphytte osv.


### **Aktivitet og fritidspark:**

Me ser for oss Aasegarden som ein park med landbruk og aktivitetssenter. Nokre områder skal kunne brukast til ny næring og andre skal ha sin opprinnelige fredfylte naturlige stillhet. Dette for å ivareta ville dyr og fauna som gjer Aase spesiell i eit bynært landbruksareal. Vi har unike områder der vi ønsker å tilby aktiviteter for ulike grupper i samfunnet. Me vil arbeide oss framover mot å kunne tilby spredt næring på riktige stader på garden. Me har eit unikt areal i kort avstand til Knarvik, Alversund og Seim. Dette vil me utnytta til eit naturnært og mestringsskapande park/aktivitetssenter for alle.


Me ser for oss:

- Kurs og konferanse senter for næringslivet og private, mat servering, teambuilding
- aktivitetar for dyr og folk er viktig for oss i eit sentralt og riktig område som Aase
- me ynskjer å starte med å ivareta turisme, gardsmat og opplevelser lokalt
- me ynskjer å starte campingplass med hytter, glamping og bobil overnatting.
- me ynskjer å sette opp tretopp hytter i spesielle arealer på garden
- me ynskjer å etablere trening/idrettsanlegg for aktivitetar som ikkje er i Knarvik. (eks klatrevegg i silo, tennisbaner, symjehall/terapibasseng)
- Me ynskjer å bruke vatn, fjell og skog på garden for å fremje organiserte aktivitetar i naturen.
- Me ynsker å etablere rehabiliteringssenter for personer som treng trening og rehabilitering av skader, etter operasjon, og handikap.
- 2 etasje i eksisterande driftsbygg skal brukast til ny næring.
- Eldre gardshus ved driftsbygg skal rehabiliterast og brukast i forbindelse med arbeidende på garden, besøksgard og på sikt nye generasjoner.
- Arbeider med å bygge opp nytt sagbruk med uttak av virke frå eige bruk.

Aase 186/2



## Spredt næringsutvikling på Aase 186/2



Aase 13.09.2018

*Line og Arild Aase*